



Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset
Dato: 10.09.2014
Tidspunkt: 09:30-14:20

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tore Svane	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO
Jostein Ljones	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ellinor Kreybu	Leiar	FRP
Neshe Lie	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inger S. Ulvund	Ellinor Kreybu	FRP

Merknader

Tore Svane deltok på møtet fram til kl 11:50. Det vil seie at han berre deltok under handsaming av dei politiske sakane: 35/14, 36/14 og 37/14.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Gunnhild Raddum	Samferdselsavdelinga
Målfrid Vik Sønstabø	Leiar trafikktilbod, Skyss
Hanne Alver Krum	Marknadssjef, Skyss
Venke Barrikmo	Opplæringsavdelinga
Ronny Skaar	Utviklingssjef, kultur- og idrettsavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgevar, organisasjonsavdelinga

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 35/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 36/14	Godkjenning av sakliste		
PS 37/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 38/14	Ymse		
PS 39/14	Referatsak (Meldingar)		
RS 32/14	Oversikt økonomi per 290814	2014/558	
RS 33/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr. august	2014/1527	
RS 34/14	Referat frå arbeidsutvalsmøte RMNF 270814	2014/558	
RS 35/14	Status på kartlegging av universell utforming av fergjekaiar	2014/558	
RS 36/14	Status på kartlegging av universell utforming av ferjekaiar - samferdselsavdelinga	2014/558	
RS 37/14	Førespurnad frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i samband med uttalar	2014/558	
RS 38/14	Tilbakemelding på oversikten over større saker til politisk handsaming frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 39/14	Svar til FFO Hordaland på innspel frå brukarorganisasjonane	2014/558	
RS 40/14	Uttale til mandat i delegasjonsreglementet frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 41/14	Uttale til regional plan for attraktive senter - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 42/14	Møtereferat opplæringsavdelinga og FFO angående brukarutval 260614	2014/558	
RS 43/14	Trong og ønskjer i samband med kulturopplevingar	2014/558	
RS 44/14	Årsmelding 2013 for råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Vest-Agder	2014/558	
PS 40/14	Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer	2014/13048	
PS 41/14	Årsmelding 2013 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Hordaland	2014/558	
PS 42/14	PREMISS; regional kulturplan - uttale	2014/558	
PS 43/14	Synfaring i samband med møtet i oktober	2014/558	
PS 44/14	Møte i november for å handsame budsjett 2015	2014/558	
PS 45/14	Temadag i november - arbeidsfordeling	2014/558	

PS 35/14 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteinnkallinga.

PS 36/14 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente saklista.

PS 37/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteprotokollen frå 10.06.14.

PS 38/14 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Orientering frå samferdselsavdelinga: Rådet fekk innspel frå nokre brukarorganisasjonar i FFO om tilgjengelegheit og sikkerheit på bybane og buss i fylket. Samferdselsavdelinga og Skyss gav tilbakemelding på punkta som vart spelt inn. Rådet etterlyste ein skriftleg orientering som vart lova så snart som mogleg. Rådet takka samferdselsavdelinga for god orientering og med eit håp om fortsatt godt samarbeid.

Orientering frå opplæringsavdelinga: Rådet bad om ein orientering i samband med ein rapport frå NOVA som vart gitt ut i februar 2014 som visar at fråfall bland elevar med nedsett funksjonsevne er høgare enn for den generelle elevmassen. Rådet ønskja å vite kva som vert gjort for å hindre fråfall bland denne gruppa. Opplæringsavdelinga, ved Venke Barrikmo, kom med ein god orientering og rådet stillar seg positiv til den dialogen som er opna.

Orientering frå kulturavdelinga om PREMISS: KULTUR: Den nye regionale kulturplanen har høyringsfrist 26. september og rådet bad i samband med det om ein orientering frå kulturavdelinga. Orienteringa var matnyttig og innhaldsrik og rådet takka for positiv dialog.

Vedtak

Tilgang til sakspapir for synshemma: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber administrasjonen om å ordne ein orientering om det nye saks- og arkivsystemet og om korleis det fungerer for synshemma.

PS 39/14 Referatsak (Meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek sakane til orientering.

RS 32/14 Oversikt økonomi per 290814

RS 33/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr. august

RS 34/14 Referat frå arbeidsutvalsmøte RMNF 270814

RS 35/14 Status på kartlegging av universell utforming av fergjekaiar

RS 36/14 Status på kartlegging av universell utforming av fergjekaiar - samferdselsavdelinga

RS 37/14 Førespurnad frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i samband med uttalar

RS 38/14 Tilbakemelding på oversikten over større saker til politisk handsaming frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 39/14 Svar til FFO Hordaland på innspel frå brukarorganisasjonane

RS 40/14 Uttale til mandat i delegasjonsreglementet frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 41/14 Uttale til regional plan for attraktive senter - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 42/14 Møtereferat opplæringsavdelinga og FFO angående brukarutval 260614

RS 43/14 Trong og ønskjer i samband med kulturopplevingar

RS 44/14 Årsmelding 2013 for råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Vest-Agder

PS 40/14 Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner forslag til nye retningslinjene for TT-ordninga i Hordaland, datert 23. mai 2014.
Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag om å utsetja saka, og grunngav det med at den burde sendast på høyring hjå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens fylkesutval.

Røysting

Forslaget om utsetjing vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få saka lagt føre seg før politisk handsaming i samferdselsutvalet sidan målgruppa til rådet er store brukarar av ordninga.

Rådet vil igjen nytte moglegheita til å rose administrasjonen for godt gjennomført arbeid, og er særskilt nøgd for at det nå er mogleg å få livsvarig godkjenning, samt at det vert lettare for menneske med psykiske lidingar å nytte seg at ordninga.

Når det er sagt har rådet slike innspel til saka:

Det vert i saka presentert ein maksgrense på brukarar i ein kommune til 3,4% av innbyggerane. Rådet meiner ordninga bør vere basert på trong, ikkje eit makstak. Dersom det er naudsynt med eit makstak meiner rådet at dette bør vere på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt, da ordninga er fylkeskommunal. I nokre kommunar er det kø for å kome inn i ordninga, mens det i andre kommunar verkar å vere plass, noko som gjerne vert avgjort av demografi og geografi.

Rådet ønskjer derfor å fremje at makstaket vert fjerna, men dersom det er naudsynt med eit makstak ønskjer rådet å fremje at dette gjeld på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt.

Når det gjeld satsane i ordninga er ikkje desse endra nemneverdig dei siste åra. Rådet ser på det som naturleg at desse vert auka for å unngå at ordninga i prinsipp vert innskrenka.

Rådet ønskjer derfor å fremje at satsane vert indeksregulert.

Rådet er elles veldig nøgd med arbeidet som er gjort og ser fram imot til at endringane trer i kraft.

PS 41/14 Årsmelding 2013 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Hordaland

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende årsmeldinga for 2013 til fylkestinget slik den føreligg i saka.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende årsmeldinga for 2013 til fylkestinget slik den føreligg i saka.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at det i 2015 vert sendt ut eit råutkast av årsmeldinga i januar/februar og at det vert diskutert og ferdigstilt ein årsmelding på det påfølgjande rådsmøtet.

PS 42/14 PREMISS; regional kulturplan - uttale

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å skrive ein slik uttale til PREMISS: Kultur:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått førelagt PREMISS; Kultur ved planen og ein orientering om denne.

Under punkt 5.2 Formidling og deltaking, 5. Inkludering, i høyringsutkastet til regional kulturplan for Hordaland, saknar rådet omtale om universell utforming. Rådet foreslår derfor at setning nummer fire i første avsnitt vert endra til: «Ein grunnregel i Hordaland sin kulturpolitikk skal vere å kontinuerlig arbeide for eit universelt utforma kulturliv, og dermed opne kulturfeltet opp for alle.» Det er ønskjeleg at dette perspektivet og vert spegla i handlingsprpgrammet. Til dømes ved at brukarorganisasjonane FFO og SAFO må vere partnarar i alle tiltaka under 5.2.5 Inkludering.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner planen er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

PS 43/14 Synfaring i samband med møtet i oktober

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å delta på synfaring slik det er foreslått frå administrasjonen, med unntak av at program for 28. oktober vert lagt til 30. oktober i staden. Det vert lagt opp til ein sosial middag på kvelden for rådsmedlemmane og moglegheit for overnatting for dei som treng det.

PS 44/14 Møte i november for å handsame budsjett 2015

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sette opp eit ekstra møte i november for å gå gjennom budsjettet 2015 for Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sette opp eit ekstra møte 4. november for å gå gjennom budsjettet 2015 for Hordaland fylkeskommune. Rådet ber om å få ein generell orientering om

fylkesrådmannens forslag til budsjett 2015, samt ein meir spesifikk orientering om status på totalbudsjettet for å sikre at fylkeskommunale bygg er universelt utforma innan 2019.

PS 45/14 Temadag i november - arbeidsfordeling

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å utsette temadagen til 2015. Rådet vedtek og å ha eit fokus på fylkeskommunale politikarar på temadagen og vedtek å sende ein førespurnad til fylkesordførar om å få den nylege ratifiserte FN-konvensjonen om universell utforming inn som eit tema i forkant av eit fylkesutvalsmøte.